



Vår dato:

24.04.2020

Vår ref:

2019/11125

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Grunneigar
Område utvald for kartlegging
Rogaland

Kontakt saksbehandlar
Einar Heegaard, 51568872

Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2020

Fylkesmannen i Rogaland orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegg av naturtypar¹ på din eideom i perioden mai til oktober 2020. Kartlegginga er ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur, vedteken av Stortinget i 2015. Kartlegginga på din eideom vil bli utført av firmaet Ecofact Sørvest på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Målet med kartlegginga er å få på plass god, stadfesta informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltning. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess vil dette kunne bidra til at det vert lettare å ta omsyn til naturen i desse prosessane, i tillegg til å bidra til meir effektivitet og lik handsaming i prosessane. Kartlegginga kan òg vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett på førehand av Miljødirektoratet. I 2020 skal kartleggingsområda undersøkast for 105 ulike naturtypar. Desse naturtypane er anten sjølv raudlista (truga) i Noreg, eller så er dei viktige leveområde for truga og nær truga artar. Områda som skal kartleggast vil bli synfart av erfarte kartleggarar, og kan innehalde både innmark og utmark. Du kan sjå kva område som skal kartleggast og lese meir om kartlegginga ved å søke vår nettside «Kartlegging av natur i Rogaland 2020». Resultata frå kartlegginga vil etter kvart bli tilgjengeleg for alle på internett via Naturbase; <https://kart.naturbase.no/>.

¹ Naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster (hentet fra naturmangfoldloven).



Korleis skal områda kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter Miljødirektoratet sin instruks for naturtypekartlegging. At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 105 naturtypane. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar etter eit fastsett system og ta bilete av naturtypen. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for å identifisere det på eit laboratorium. Den som kartlegg vil for kvar naturtypeførekommst vurdere tilstanden og naturmangfaldet i førekomsten. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekommsten bli gitt ein kvalitetsklasse. Det finst fem slike klassar; svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

Kven kan du kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftslova sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det være behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt Einar Heegaard ved Fylkesmannen i Rogaland; e-post fmroehe@fylkesmannen.no eller tlf. 51 56 88 72 før kartlegginga startar opp.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM